


Nynorsk mediesenter

Status per 01.11.2007



- Vi når ikkje nok ut

Nynorsk mediesenter har vore i drift i tre år og er godt nøgd med resultatet så langt. Det er lett å få praksisplassar til nynorskpraktikantane. 86,7 % av dei vi har sendt frå oss har heil - eller deltidsarbeid i media, tyngda i NRK . – Men vi treng drahjelp frå heile NRK for å gjere tilbodet meir kjent. Eg håpar det vert lettare no når vi får selskap av NRK FleRe, som óg må nå heile landet med tilbodet om opplæring av fleirkulturelle journalistar. Dei brukar oss som modell, og NRK må vere stolt av å kunne ”reklamere” for to så gode tiltak, meiner Magni Øvrebotten.



Prosjektleiari Marianne Mikkelsen i NRK FleRe saman med nynorskpraktikantane Eline Buvarp Aardal, Håvard Tvedte og Ingunn Viken.

Ho ynskjer høve til profilering av NRK FleRE og Nynorsk mediesenter på ulike programnettsider i NRK, og sokalla ”promotering” i fjernsynet i samband med utlysingane to gonger i året. – Sjølv om vi brukar vel 60.000 kroner til utlysing av kvart kull vert det for tilfeldig om folk oppdagar oss eller ikkje. Mange veit ikkje om oss, og det gjer sjølv sagt utslag på søkjartala, seier Øvrebotten.

Det høgaste søkjartalet til Nynorsk mediesenter var 62 søkjarar til tredje kullet og det lågaste var 25 til det åttande. Vi starta i ei tid då journalistutdanningane hadde dei høgaste søkjartala i landet. Det har jamna seg ut og vi merkar det, sameleis som vi merkar ein stram arbeidsmarknad. Men til denne tid har det vore mange dyktige søkjarar til kvart kull og ingen vanskar med å tilsette fem praktikantar. 86,7 % av dei vi har sendt frå oss har heil – eller deltidsarbeid i media. – Men vi når ikkje heile landet og det er for mange som ikkje veit om oss., seier Øvrebotten.

Må ta vare på talenta

I dag kan velutdanna folk, med tilsvarende studielån, få seg arbeid kvar dei vil, når dei vil. Det gjer at færre er innstilte på å gå som tilkallingsvikarar i NRK i årevis. Dei fleste godtek at det ikkje er mogeleg å få seg fast arbeid over natta, men dei færreste finn seg i å gå på lukke og fromme utan å vite kva utsiktene er. – Difor står vi på som tykjen for at talent ikkje skal glippe i den vanskelege overgangen frå dei er praktikantar til dei må klare seg sjølv i arbeidslivet. Vi ”sel” inn talenta der vi meiner dei eignar seg, seier Øvrebotten. Dette må til om vi ikkje skal fyre for kråkene og lære opp talent som finn seg anna å gjere fordi NRK ikkje er om seg, eller bryr seg. Framleis er det Dagsnytt og distriktskontora som er flinkast til å smi medan jarnet er varmt. Her må NRK skjerpe seg og bli flinkare til å ta vare på talenta.

Åttande kullet



Nynorskpraktikantar frå 3. januar til 30. juni 2008. Frå venstre Elin Thingvoll Berge (1980), frå Vik i Sogn, Olav Arne Nedrelid (1978), frå Fjørtoft på Sunnmøre, Eivor Brandseth (1985), frå Skogn i Nord-Trøndelag, Roger Sevrin Bruland (1977), frå Utvik i Nordfjord og Marit Holmquist Fenne (1980), frå Fræna i Romsdal.

Elin Thingvoll Berge er lærar i media og kommunikasjon ved Breivika v.g. skule i Tromsø. Ho har bachelorgrad i media, IKT og design ved Høgskulen i Volda, og grunnfag i norsk og tysk. Olav

Arne Nedrelid er lærar ved Akademiet vidaregåande skule i Ålesund, der han underviser i mediekunnskap, norsk og religion/etikk. Han er utdanna allmennlærar frå Høgskulen i Volda. Eivor Brandseth er for tida fotoassistent i Barcelona i Spania, der ho har studert klesdesign siste året. På Inderøy vidaregåande skule var ho utvekslingsstudent gjennom organisasjonen AFS, og lærde seg italiensk i Milano.

Roger Sevrin Bruland har arbeidd ved dei norske ambassadane i Romania og Makedonia dei siste to åra. Han er bachelor i historie og religionsvitenskap frå Universitetet i Bergen, har master of Letters Middle East Security frå Universitetet i Aberdeen, Skottland og vidareutdanning i statsvitenskap ved det amerikanske universitetet i Kairo, Egypt. NATO-soldat i Bosnia og Serbia. Marit Holmquist Fenne er internasjonal koordinator ved Samfunnsvitenskapleg fakultet ved Universitetet i Tromsø. Frå same universitet har ho master of Philosophy in Peace and Conflict Transformation. Ho er bachelor i kultur – og samfunnsvitenskap, med fordjuping i samanliknande politikk, frå Universitetet i Bergen.

Sjuande kullet



Nynorskpraktikantar frå 3. september 2007 til 29. februar 2008. Frå venstre :
Ingunn Viken, Ivar Folkedal, Eline Buvarp Aardal, Håvard Tvedte og Eva Marie Felde.

Den 30.oktober byrja sjuande kullet i to månaders praksis i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Dei skreiv dette om røynslene sine dagen før røyndommen byrja :

Ingunn Viken :

- Å bli nynorskpraktikant er noko av det beste som har hendt meg ! Eg er overvelda over kor mykje tid som blir brukt på oss, over kor mykje me lærer og kor mykje me får prøvd oss. Eg hadde ikkje trudd at det skulle bli så bra som det har blitt. Det er ei voldsom læringskurve og det er utfordrande og til tider svært krevjande. Ein lærer fort å sette pris på spenning og å utfordre si eiga frykt.

Ivar Folkedal :

- Eg føler meg privilegert som får ta del i journalistutdanninga til Nynorsk mediesenter. Me lærer mykje nyttig gjennom praktisk opplæring. Redaksjonen i NRK Sogn og Fjordane har teke godt imot oss. Her er det flinke folk som meir enn gjerne deler kunnskapen sin med oss. Dagane vert lange og slitsame. Eg sovnar framfor tv-en kvar kveld.

Eline Buvarp Aardal :

- Dei siste to månadane har gått unna i ein fei, og det er ikkje fritt for at eg av og til har synst det har gått litt fort i svingane. Men dei veit kva dei gjer her på Nynorsk mediesenter. For sjølv om eg sjølv sagt kunne hatt godt av å terpe meir på det vi har lært til no, kjennest det rett at vi skal ut i praksis no. Fleire øvingsoppgåver oppe på loftet hadde blitt keisamt. Opplevingane her i Førde har svart til forventningane og vel så det.

Håvard Tvedte :

- Å vera nynorskpraktikant gjer at ein følgjer med. Samstundes er det ein hektisk førebuingssprosess. Etter to månader i ei "boble" på loftet kjennest det som ein naturleg progresjon å få prøva seg på desken i NRK Sogn og Fjordane. Ordninga med mykje praksis trur eg skjerpar! Dessutan er det nyttig heile tida å få tilbakemeldingar, og at det er ei kontinuerleg evaluering av innsatsen til både praktikantar og lærarar. Dette bidrar til at ein heile tida stiller nye krav til seg sjølv.

Eva Marie Felde :

- Kvardagen på nynorsk mediesenter inneheld daglege utfordringar når det gjeld språk, journalistikk og teknikk. Ein lærer heile tida noko nytt, men meistringskjensla kjem overraskande fort. Sjølv hadde eg ikkje trudd at eg etter berre to månadar skulle klare å produsere saker som faktisk kan brukast på radio, fjernsyn og Internett. Læringa vert styrka gjennom tett oppfølging og kontinuerlege tilbakemeldingar. Sjølv om vi på loftet lever litt i ei boble, er krava som vert stilt til oss realistiske og like dei vi vil møte i det verkelege livet på desken. Kort sagt, livet som nynorskpraktikant er utfordrande, lærerikt og fantastisk kjekt!

Gjesteforelesarane hausten 2007



Jorid **Løvbakk**, er logoped i NRK og logoped/rådgjevar ved Bredtvet kompetansesenter for logopedi. Ho har lært alle kulla med nynorskpraktikantar om stemmebruk, og seier dette om inntrykket sitt :

- De sitter der forventningsfulle.... ser på meg med store, spente øyne... lurer på hvordan økta med meg blir. De fleste er forbausende unge.. ..noen har erfaring.. ..andre er helt grønne. Det er like spennende hver gang! Hvordan er nivået i gruppa? Hvordan vil den enkelte tåle å få direkte veiledning? Blir faktisk like overrasket hver gang! De tar i mot...jobber iherdig. Tåler at jeg er direkte.....at jeg er klar i talen! Ser at de syns det er gøy og at det å jobbe med egen formidling er lærerikt!"

Nynorsk-konsulent Jon Peder **Vestad** ved Høgskulen i Volda, direktør Ottar **Grepstad** ved Nynorsk kultursentrum i Ørsta og Jan Olav **Fretland**, 1.amanuensis ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, er dei tre faste førelesarane om nynorsk. Vestad tek føre seg språkreglar og nynorsk i NRK, Grepstad syner rundt på Aasantunet og fortel om historia og folka bak språket vårt, og Fretland førelese om "Tal dialekt – skriv nynorsk, om dialekt og normering".

Ein annan fast gjesteforelesar er banksjef Arve **Sandal** i Sparebanken Sogn og Fjordane. Han gjev praktikantane ei innføring i Sogn og Fjordane med det same dei kjem, fordi det er her dei skal prøve seg som journalistar fyrst.

Hausten 2007 har elles desse vore gjesteforelesarar: Arne **Eithun**, journalist i NRK Sogn og Fjordane, lærde dei om arkiv/postjournalar og register som kjelde for journalistikk. Linda **Eide**, journalist i NRK, føreles og gjev mange døme på kor viktig god lyd er for den gode reportasjen. Eva **Westvik** har permisjon som journalist i NRK Sogn og Fjordane, men gav likevel praktikantane tre dagars innføring i TV-komentaren.

Vidare kjem Kari **Sorbø**, programleiar i "NRK Her og Nå", for å snakke om "Den engasjerte journalisten", og PFU-leiar Odd **Isungset** skal førelese om "Dei vanskelege grensene" - om presseetikk og Vær varsam-plakaten. Isungset er tilsett i TV2. Derifrå kjem også utanriks-journalist Sonja **Skeistrand**. Ho fortel om jobben sin og korleis det er å vere "Ung i utanriks".

Tre nye gjesteforelesarar

Det kjem eit par nye gjesteforelesarar for kvart kull. Denne gongen er det Helene **Hillestad**, Håkon **Haugsbø** og Svein Ove **Hansli**. Hillestad er vaksjef for nettsidene til NRK Østfold og var her og føreles i to dagar om den stadig viktigare nettjournalistikken. Håkon Haugsbø er journalist i NRK Fakta og påtroppande programleiar for programmet som skal avløyse "Brennpunkt". Han er og leiar i styret for SKUP, Stiftinga for kritisk og undersøkjande journalistikk, og skal førelese om "Undersøkjande journalistikk". Siste gjesteforelesaren i år er Svein Ove Hansli i Dagsrevyen. Emnet hans er : "Frå praktikant til fast tilsett - kva krevst og korleis er det ? " Hansli gjekk fyrste kullet med nynorskpraktikantar i 2004/05 og fekk fast tilsetting i NRK hausten 2006.

To i barne- og ungdomsavdelinga

Til denne tid har det vore mest i nyhenderedaksjonane nynorskpraktikantane har fått fotfeste. Men det har heile tida vore eit viktig mål for Nynorsk mediesenter å "levere" gode kandidatar også til andre redaksjonar, og særleg til barne- og ungdomsprogramma i NRK. - Det er i barneåra ungane får forma både eiga dialekt, språksyn og vidsyn. Difor er det viktig at barne-redaksjonane også speglar det språklege mangfaldet i landet vårt, seier Magni Øvrebotten,

Solveig Hareide, frå andre kullet, har arbeidd i barne- og ungdomsavdelinga i NRK siste året. No har også Mona Vetrhus, frå sjetten kullet, arbeid der, i fyrste omgang til jul. Ho er radioprodusent, noko som inneber at ho kan arbeide både som programleiar, produsent og reporter.

Mona **Vetrhus** skal skiftevis vere programleiar i DAB Barnekanalen og reporter i Barnetimen for dei minste.

- Det er kjekt å jobba for og med barn, og medarbeidarane er livlege og gøyale. I går spelte vi litt fotball mellom pultane. Å vera programleiar for barneradio handlar mykje om å vera leiken, og samstundes ta ungane på alvor. Eg stortrivst, seier Mona Vetrhus frå Uskedalen i Hordaland



Solveig **Hareide** vert ny programleiar i fjernsynsprogrammet Newton frå hausten 2008, fortel redaksjonssjef Ida Kvissel. For tida er Solveig programleiar i Barnetv frå Oslo kvar onsdag fram til 1. desember. Då vert ho ein av programleiarane i NRK sin nye barnekanal, NRK Super. Men der vert ho berre til jul fordi ho også neste år skal vere med i "Påskemorgon" frå Tromsø.



- Eg trivst veldig godt på Marienlyst. Barne og Ungdomsavdelinga er verkeleg å anbefale, her er alle flinke til å hjelpe om ein treng det, og det er kjempegod stemning på jobb kvar einaste dag. No er vi i ei hektisk tid fordi NRK skal starte ein eigen barnekanal. Mange av helgane går med til ein Superturné kor vi har show og fortel barna om den nye kanalen som skal kome. Det er litt trist å skulle reise herifrå, men det er jo alltid spanande å prøve noko nytt.

Det er kjempekjekt å få sjansen til å jobbe i Newton. Det er noko eg alltid har hatt lyst til. Kult å kome seg ut av studio for å lage saker, og å lage eit program som stort sett er basert på eigenproduksjon. Det er sjølv sagt ei utfordring sidan eg ikkje har vitenskapleg bakgrunn, men så forviten som eg er på området trur eg det vil gå bra. Eg gler meg og til å gjere Påskemorgon fordi det var veldig gøy sist gong. Det eit godt kick å jobbe direkte. Dessutan er barna så engasjerte, sender inn mail og påskepynt og står skikkeleg på, seier Solveig Hareid, frå Florø i Sogn og Fjordane.



Fungerande leiar av Språkrådet

Magni Øvrebotten er for tida fungerande leiar av Språkrådet, etter at Tora Aasland vart statsråd.

– Eg har gjeve Kulturdepartementet beskjed om at eg ikkje vil ta over som styreleiar fast, og det har dei heldigvis godteke. Dette er eit verv ein må ha både lyst og høve til å ha. Eg har ingen av delane, men skal sjølv sagt gjere jobben til ein ny er på plass, seier Øvrebotten. Departementet reknar med å ha klar ny styreleiar for Språkrådet til nyttår.

Kursverksemda "Munn og mæle"

Fleire internettkurs

- Kursverksemda til Nynorsk mediesenter har no etablert seg med fleire faste kundar. Men det kjem stadig til nye, og det gler vi oss over, seier kursansvarleg Wenche Eikum. I haust har fleire kommunar engasjert seg for å få betre nettsider, og har kjøpt kurs i skriving for Internett. Dette kurset har fått gode tilbakemeldingar, og er nyttig for alle i både offentleg og privat næring som har sider på nett.



Tilbakemeldingar frå internettkursa på Sunnmøre:



- For meg var dette eit kurs med "innertier", om ein skal nytte eit slikt begrep. Dei andre er også tilfredse og dette kurset var **GODT!**

- Vi møtte ein imponerende klar og tydeleg kurshaldar. Materien vi skulle ta føre oss omfatta mykje. Eg vart imponert over kor enkel og klar oppgåva med å skrive for nettet vart etter gjennomgått kurs.

Tilbakemeldingar etter internettkursa hjå Fylkesmannen i Telemark:

- Vi fikk alle aha-opplevelser og fikk luftet og ryddet i vårt offisielle og egentlig interne og kronglete språk. Vi fikk se hverandre sine hjemmesider og fikk svært nyttige tips til forbedringer. Det var veldig lærerikt.

- Et bra og lærerikt kurs. Lærte enkle grep for hvordan vi bedre kan presentere stoff på nett. Overskrift, ingress og bildebruk er viktig. Lærte å bli mer tabloid. Fint at foreleser hadde forberedt seg godt ved å ha sett på Fylkesmannen og kommunene sine hjemmesider på forhånd.

Andre kurs

I tillegg til fire kurs i skriving for Internett i oktober skal vi ha fleire kurs i medietrening før jul, både for LO Stat i Hordaland og Sogn og Fjordane, nye og gamle ordførarar og rådmenn i Sunnfjord og for Gjensidige på Vestlandet. Balestrand kommune har tinga kurs i presentasjon.

Mars og april er dei mest populære månadane på vårparten. Dei som ynskjer kurs i medietrening i det tidsrommet, gjer lurt i å tinge ein dato så fort som råd. Kursverksemda vår må "gå opp" med opplæringa av nynorskpraktikantar, og må difor planleggast godt. Vi held kurs der det passar kunden best, anten det er i lokala våre i Førde, eller hjå dei som kjøper kurs. Vi har halde kurs både i Telemark, Møre og Romsdal, Hordaland og Rogaland i tillegg til Sogn og Fjordane.

- Kursansvarleg Wenche Eikum skal ut i foreldrepermisjon frå midten av november, men vi held sjølvsagt fram med kurs medan ho er vekke. No som før brukar vi egne krefter eller leiger inn kurshaldarar alt etter kva kurs som vert etterspurde, seier Magni Øvrebotten.

Kvar vert nynorskpraktikantane av? 86,7 % er journalistar

Vi legg vekt på å rekruttere folk som er sterke i trua både i høve til nynorsken og viljen til å bli journalistar. Det trengst for å lukkast i denne svært tett pakka opplæringa. Per oktober 2007 har vi sendt frå oss 30 nynorskpraktikantar sidan starten hausten 2004, og 86,7 % av dei har heil- eller deltidsarbeid som journalistar. Tyngda er i NRK. Fleire studerer i tillegg til arbeidet. To av nynorskpraktikantane har så langt fått fast arbeid i NRK, fem har fått det utanfor NRK. Dei fleste er faste vikarar eller tilkallingsvikarar i NRK. Det er tidlegare nynorskpraktikantar i Dagsnytt, Dagsrevyen, Nitimen/Frukosttv, P3-nyhenda, Osenbanden i P3, Kulturavdelinga i NRK P2, i barne- og ungdomsavdelinga i NRK og ved åtte distriktskontor.

Det er korkje bindingstid eller garanti om arbeid i NRK etter avslutta opplæring, og vi ynskjer å rekruttere journalistar også til andre medieverksemdar enn NRK. Her ser du kvar det har vorte av nynorskpraktikantane frå dei fem fyrste kulla:

Sjette kullet 03.01 - 29.06.2007.



Gunhild Sølvsberg (1978) er studiekonsulent i Gateway College, som tilbyr norsk høgskule-utdanning i utlandet. **Yngvill Kolset Haga** (1980) arbeider for Paradox produksjonsselskap, med spelefilmen om Lillebror og Knerten. **Mona Vetthus** (1975) har full jobb i barne- og ungdomsavdelinga i NRK, og skifter på å vere programleiar i DAB Barnekanalen og reporter i Barnetimen. **Ragnhild Bjørge** (1977) er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt og NRK.no, og **Inger Synnøve Tveito** (1985) studerer russisk i St. Petersburg til jul og held fram med det ved Universitetet i Oslo.

Femte kullet 04.09.2006 – 02.03.2007.



Bjarte Vik (1986) studerer til allmennlærer ved Høgskulen i Bergen. **Marianne Feste** (1981) har arbeid i NRK Hordaland sidan ho var der i praksis. **Gøril Furu** (1984) er tilkallingsvikar i P3nyhenda og studerer medieproduksjon ved NTNU i Trondheim. **Ingrid Hognaland** (1986) er fast tilsett som journalist i Tysvær Bygdeblad. **Vidar Eidhammer** (1984) studerer mediefag ved Universitetet i Stavanger og er tilkallingsvikar i NRK Rogaland.

Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006.



Asgeir Reksnes (1979) arbeider i NRK Sogn og Fjordane. **Bergit Sønstebø Svendseid** (1984) er nettkonsulent og inf.medarbeidar i Kirkens Nødhjelp. **Erlend Blaalid Oldeide** (1984) er fast tilsett som journalist i NRK Sogn og Fjordane. **Ingrid Aanestad** (1983) er tilkallingsvikar i NRK P2 og student ved det nordiske forfattarstudiet ved Kunstakademiet i Gøteborg. **Øystein Windstad** (1983) tilkallingsvikar i NRK Trøndelag.

Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



Håvard Hamnaberg (1978) arbeider i Point Carbon, der han er redaktør for eit tidsskrift om den europeiske marknaden for kvotehandel. **Karoline Kalstveit** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og student ved Arkitekthøgskulen i Bergen. **Gisle Forland** (1981) er vikar i NRK Møre og Romsdal. **Marita Haugo** (1982) er multi-medial medarbeidar i dt.no, nettstaden til Drammens Tidende. Ho må skrive bokmål på nettet, men får snakke halling når ho lagar radio- og tv-innslag. **Solve Rydland** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen.

Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



Solveig Hareide (1983) er programleiar for Barnetv kvar onsdag fram til NRK Super byrjar 1.desember. Der skal ho vere ein av programleiarane til nyttår. Deretter skal ho førebu "Påskemorgon" frå Tromsø, før ho byrjar i redaksjonen for Newton i Trondheim. Solveig vert ny programleiar der frå hausten 2008. **Eli Vaage** (1984) har siste året arbeidd i P3-nyhenda i Trondheim, som vaksjef, reporter og meldingslesar. I haust skulle ho realisere draumen om den store utanlandsreise, men vart sjuk og måtte gjere vendereis. Ho er opa for det meste når ho er frisk att. **Ingebjørg Bø** (1977) er fast tilsett som journalist i Telemarksavisa. **Birte Njøsén Horne** (1984) er vikar i Nitimen og fleirmedial medarbeidarar i Frukostfjernsynet. **Janne-Marit Myklebust** (1981) er vikar i NRK Møre og Romsdal.

Fyrste kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



Eli Bjelland (1981) arbeider som meldingslesar og reporter i NRK Dagsnytt. **Knut Åge Teigen** (1970) er fast tilsett i videoselskapet Snøball og i GAN forlag. Han arbeider med ein serie undervisningsfilmar om nynorsk som sidemål i grunnskulen, på oppdrag frå Utdanningsdepartementet. Filmene skal lanserast i desember: www.skoleipraksis.no **Svein Ove Hansli** (1976) er fast tilsett i Dagsrevyen. **Maria Rivedal** (1981) arbeider i NRK P3, som vaksjef og produsent for "Osenbanden". **Inger Johanne Sæterbakk**, (1981) er kulturjournalist i Kulturnytt i NRK P2 i Tromsø. Ho arbeider og for NRK Troms og Finnmark.

Visjon og verdjar

"Stolt nynorsk"

er visjonen til Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia. Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreining av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio og fjernsyn.

Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie - og samfunnsdebatten.

"Dyktig - frodig – framfus"

Dette er verdiane Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere *dyktig* for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet. Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.



Løvetanna

er bumerket til Nynorsk mediesenter. Det er grafisk designar Eva Hallaren i Gasta reklamebyrå som har laga både det og heile designprogrammet for Nynorsk mediesenter.

Slike statusrapportar som dette lagar vi tre-fire av i året. Vi sender dei til leiinga i NRK, til redaksjonar som tek mot praktikantar i praksis, journalistar, politikarar, nynorskrørsla og andre som spør etter korleis det går med oss. Du finn alle tidlegare rapportar på nettsida vår, under "Statusrapportar".

POSTADRESSE:

Nynorsk mediesenter
Postboks 100
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

Nynorsk mediesenter
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2
6800 Førde

TELEFON:

Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nynorskmediesenter@nrk.no

NETT:

www.nynorskmediesenter.no

